

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 29.6.2012  
**Stad:** Hemsedal, Hemsedal kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Halvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

---

### SAK 24/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.5.2012

#### Vedtak

Møteprotokoll 25.5.2012 vart vedteke.

### SAK 25/12 SØKNAD OM MIDLAR TIL OPPSTART AV «HOME-START FAMILIEKONTAKTEN»

Marta Maria Espeseth, Frelsesarmeen i Hallingdal og Roselind Risan Draget orienterte om «Home-Start familiekontakten» og mogeleg etablering i Hallingdal.

Home-Start, Familiekontakten, er eit foreldrestøtteprogram som ved hjelp av frivillige kjem heim til småbarnsfamiliar og tilbyr regelmessig kontakt og praktisk hjelp.

HSF blir drifta ved at ein koordinator, tilsett i 50 % stilling, arbeidar med å rekruttere og kurse og følgje opp frivillige, for på den måten og gi hjelp til familiane.

Ut frå dei kartleggingar som er gjort i Hallingdal er Det er gjennomført ei kartlegging i Hallingdal er Home start nasjonalt interessert i å etablere eit tilbod i Hallingdal.

Utgangspunktet er at det må vera ei avtale med kommunane i Hallingdal for 3 år.

Det er søkt om økonomiske støtte til drift av Home Start i Hallingdal for ein prosjektperiode 2013 – 2016.

I drøftingane vart det peika på at eit eventuelt tilbod måtte sjåast i samanheng med andre eksisterande ordningar og tilbod.

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet vurdere forslag frå Frelsesarmeens barne og familievern om etablering Home-Start familiekontakten i Hallingdal, slik at dette kan takast opp som sak i møte 24.8.2012.

Regionrådet ser positivt på ei etablering, spesielt med vekt på koplinga til frivillig innsats.

### SAK 26-12 UTTALE; “HØYHASTIGHETSUTREDNINGEN 2010-12”

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har gjeve uttale til høgfartsutgreiinga i samband med uttale til NTP 2014 – 2023. Regionrådet vil likevel gje ei eigen uttale/samastilling, fyrst og fremst for å

syne den sterke semja det er mellom kommunar og fylkeskommunar langs Bergensbanen, i forhold til høgfartsutgreiinga og bygging av Ringeriksbanen.

### **Regionrådet for Hallingdal, Hallingtinget sak 06/12**

Reisetida med Bergensbanen Oslo – Bergen, må reduserast frå 6 t og 30 min. til maks. 4t og 15 min. i neste planperiode. Regionrådet støttar ei etappevis utbygging av Bergensbanen, til ein eventuell framtidig høgfartsbane. De viktigaste tiltaket er Ringeriksbanen som ikkje er prioritert i NTP, noko som på ingen måte kan akseptast. Høgfartsutgreiinga alt. B, oppgradering av dagen linjer, syner at Bergensbanen gjev den største samfunnsøkonomiske nytten.

#### Fordi:

For at utviklinga av Bergensbanen ikkje skal stoppe opp i påvente av ein eventuell høgfartsbane er det viktig å vurdere kva som kan gjerast ut frå eit noko mindre ambisjonsnivå, men som ikkje er bortkasta ved ein framtidig høgfartsbane.

Ringeriksbanen er eit viktig element i togsystemet i heile Austlandsområdet. For kommunikasjon mellom Norges to største byar og for utvikling av Ringeriksregionen er Ringeriksbanen eit grunnleggjande element. For Hallingdal vil ein 20-årig lovnad med bygging av Ringeriksbanen vera av svært stor betydning.

Midlar til planlegging av Ringeriksbanen må aukast vesentleg slik at planlegginga kan ferdigstillast i fyrste del av gjeldande NTP-periode. Regionrådet ser med stor interesse på at NTP-forslaget og jernbaneutgreiinga peikar på at Ringeriksbanen er eit prosjekt som eignar seg for alternativ organisering og finansiering.

### **Forum Nye Bergensbanen (FNB), uttale 2.5.2012**

#### Hovudpunkt

Høgfartsutgreiinga er klargjerande for den framtidige satsinga på jernbaneutbygginga i landet. Med den som grunnlag meiner FNB at Bergensbanen må utviklast med utgangspunkt i konsept B, d.v.s. ei meir offensiv vidareutvikling av eksisterande infrastruktur. Dette kan gjennomførast til vesentleg lågare kostnader enn å byggja ny høgfartsbane.

Nødvendige tiltak er bygging av Ringeriksbanen, oppgradering/delvis nybygging av linja Bergen-Voss og tilpassings- eller utbetringstiltak mellom Hønefoss og Voss. Ringeriksbanen er vidare eit tydeleg avgrensa prosjekt som kan gjennomførast med alternativ organisering og finansiering.

FNB er sterkt uroa for at vidare utvikling og modernisering av Bergensbanen vil stogga opp dersom ikkje rammene som ligg inne i den framlagde transportplanen vert auka kraftig. Særleg når det gjeld Ringeriksbanen er etatsforslaget i realiteten status quo. FNB ber på det sterkaste om at det no vert prioritert nødvendige midlar for å få Ringeriksbanen ut av den bakevja dette prosjektet har vore i 20 år.

**Buskerud fylkeskommune ved fylkestinget** handsama sak om NTP i sak 55/12, der følgjande er uttala om høgfartsutgreiing og utvikling av Bergensbanen:

- Buskerud fylkeskommune anbefalar at alternativ B med forsert utbygging på eksisterende trasé legges til grunn for vidare utvikling av Bergensbanen. For å få redusert reisetiden mellom Oslo og Bergen til 4 timer og 15 min må investeringene i utbedringer og lange kryssingsspor på eksisterende Bergensbane økes betydelig og Ringeriksbanen må byggjes.
- Buskerud fylkeskommune krever at Staten snarest mulig gjenopptar planleggingsarbeidet for Ringeriksbanen. Planprosessen må gjøres uavhengig av planene for E16.
- Ringeriksregionen har stort potensiale for vekst både i befolkning og næringsliv, og vil kunne bidra til å avlaste presset på Oslo/Akershus gjennom bedre samferdselsløsninger.

- Buskerud fylkeskommune viser til omtale i NTP og tidligere innspill, og ber om at ny organisasjonsmodell og finansieringsordning i samferdselssektoren utprøves på dette prosjektet (Ringeriksbanen).

**Hordaland fylkeskommune ved fylkestinget** handsama sak om NTP i sak 26/12, der følgjande er uttala om høgfartsutgreiing og utvikling av Ringeriksbanen:

15. Fylkestinget rår til at alternativ B i høgfartsutgreiinga, med forsert utbygging på eksisterande trase, vert lagt til grunn for vidare utvikling av Bergensbanen. For å få redusert reisetida mellom Oslo og Bergen ned mot 4 timar, må investeringane i utbetringar og lange kryssingsspor på eksisterande Bergensbane aukast monaleg, og Ringeriksbanen byggjast.
16. Fylkestinget forventar at planleggingsarbeidet for Ringeriksbanen vert teke opp igjen snarast mogleg, og at planprosessar for denne vert gjort uavhengig av planane for E16. Ny organisasjonsmodell og finansieringsordning må utprøvast i dette prosjektet, i tråd med omtale i framlegget til NTP.

**SAK 27/12 HALLINGDAL REISELIV; SØKNAD OM TILSKOT TIL VIDAREFØRING AV PROSESS FOR FRAMTIDIG ORGANISERING AV DET REGIONALE MARKNADS- OG PRODUKTUTVIKLINGSSAMARBEIDET I HALLINGDAL.**

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver tilskot på inntil kr. 200.000 til Hallingdal Reiseliv for hovudprosjekt – «Reposisjonere Hallingdal Reiseliv til VisitHallingdal»
2. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
3. Regionrådet legg til grunn at prosjektet blir fullfinansiert, etter framlagt budsjett og finansieringsplan.

**SAK 28/12 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, REVIDERING**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet med revidering av Strategisk plan for Hallingdal. Grunnlaget for arbeidet er m.a. Hallingtinget sine synspunkt og innspel, og prosjektet Hallingdal 2020. Strategisk plan vil og vera tema på regionrådsmøte 24.8 og 21.9, og som Sak på Hallingtinget 26.10.

**SAK 29/12 PROSJEKT 2014**

Knut Medhus som leiar i Hol historielag og ein av initiativtakarane, orienterte litt om bakgrunn for saka.

I samband med 200-årsjubileumet er det med utgangspunkt planlegging i Hol, teke initiativ for å få vurdert om det kan vera aktuelt å tenke meir Hallingdal i samband med markeringane i 2014. Det er laga utkast til tema som det kan vera aktuelt å arbeide vidare med, som ein del av ei felles markering for Hallingdal. Regionrådet såg svært positivt på forslaget.

I samband med 2014 markeringa har det og kome opp ein ide om å skrive ei regionhistorie om Hallingdal, "Historia om Hallingdal». Regionrådet støtta ideane og ynskte at det blir arbeid vidare med planane.

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på å få til eit regionalt samarbeid i samband med markeringane i 2014. Regionrådet ber dagleg leiar i samarbeid med Knut Medhus, om å arbeide vidare med ei skisse for regionalt samarbeid i samband med markeringane i 2014.

2. Regionrådet for Hallingdal støttar ideane om at det blir skrivi ei regionhistorie om Hallingdal og ber dagleg leiar i samarbeid med Knut Medhus om å arbeide vidare med planane om eit bokprosjekt.
3. Til møte i Regionrådet 24.8 er det ynskjeleg at det er utarbeida nærare prosjektskisser for pkt. 1 og 2.

## **SAK 30/12    EVENTUELT**

### **Representant landsdelsselskap FjellNorge**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal valte Tor Egil Buøen som Regionrådet sin representant i arbeidsgruppa for vurdering av landsdelsselskap FjellNorge.

### **Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal (LTH), prosjektgruppe**

I samband med vidare arbeid med Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal skal prosjektet organiserast med ei prosjektgruppe med deltaking frå alle kommunane i tillegg til representantar for VVHF (3 – 6 personar).

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal støttar forslag frå Rådmannsutvalet i Hallingdal, der følgjande representantar blir valt til prosjektgruppa for Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal:

- Odd Egil Stavn - Rådmann, Flå kommune.
- Eli Rød - Enhetsleder pleie- og omsorg, Nes kommune.
- Hege Mørk - Rådmann Gol kommune.
- Borghild Moen - Etatsleiar helse og omsorg, Hemsedal kommune.
- Øystein Lappégard - Kommuneoverlege, Ål kommune.
- Jan Olav Helling - Helse- og sosialsjef, Hol kommune.

---

Etter møte var det besøk og orientering på pelsdyrfarm til Sigbjørn Kirkebøen.



Ål 5.7.2012  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar